



Haugen VVA AS  
Thor-Henrik Fredriksen  
Kanalveien 5  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/569 - 21/12795

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
21.03.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 214/118 Fyllingsnes

**Tiltak:** Avløpsanlegg og parkeringsplass  
**Byggjestad:** Gbnr: 214/118  
**Tiltakshavar:** Alver kommune, Eigedom  
**Ansvarleg søkjar:** Haugen VVA AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.01.2021.

Søknaden er send på høyring til regionale og lokale styresmakter i brev datert 25.02.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

#### Søknad om dispensasjon frå byggegrensa langs vassdrag, jf. føresegn 2.6.1

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremåla LNF og friluftsområde i tillegg til byggegrensa mot sjø. Tiltaket krev også dispensasjon frå byggegrensa langs vassdrag, jf. føresegn 2.6.1. Vi ber om at det vert supplert med opplysningar om at søknaden om dispensasjon også gjeld dette forhold.

#### Nabosamtykke

Avstand mellom omsøkt tiltak og nabogrense til gbnr 214/47 er mindre enn 4 meter. Det må innhentast samtykke frå nabo eller søkjast om dispensasjon frå avstandskrava i pbl § 29-4.

#### Avkøyrsla til gbnr 214/47

Det går fram av søknaden at eigedomen gbnr 214/47 skal ha tilkomst via ny veg. Avkøyrsla til eigedomen må visast på situasjonsplanen.

#### Nabovarsel

Vi vurderer at følgjande eigedomar også må varslast: Gbnr 214/3, 214/4, 214/52, 214/68, 214/98 og 214/105.

#### Søknad om utsleppsløyve

Kommunen kan ikkje gje rammeløyve før det er gitt utsleppsløyve i saka. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om utsleppsløyve per dato.

Dersom utseppsløyve ikkje er gitt kan vi berre behandla søknaden om dispensasjon. De bør då be om at kommunen avventar behandling av søknaden om rammeløyve til utseppsløyve ligg føre.

Søknadar om utseppsløyve vert behandla av avd. for miljø og tilsyn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.05.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Alver kommune, Eigedom

Postboks 4

5906

FREKHAUG

### **Mottakarar:**

Haugen VVA AS

Kanalveien 5

5068

BERGEN